

Eigarskapsmelding Modalen kommune

2019

Vedteke i kommunestyret..... sak.....



Innhold	Side
Innleiing	3
Føremål med eigarskap	3
Føremål med eigarskap i Modalen næringsbygg AS	3
Føremål med eigarskap i Modalen-Eksingedalen billag AS	3
Vurdering av selskapsform	3
Aksjeselskap	4
IKS	4
Vertskommunesamarbeid	4
Øvrige selskap som kan vurderast	4
Obligatorisk opplæring og informasjon til folkevalde	4
Rutine for val av styremedlemmar	4
Rutinar for styreleiar i selskap kor kommunen har over 50 % eigarskap	5
Godtgjering av styreverv	5
Styringsgrunnlag og styringstruktur	5
Aksjeselskap	6
Generalforsamling	6
Kommunestyret	6
Eigarrepresentant	6
Styret	6
Rådmannen	6
Habilitet	6
Oversyn over kommunen sine selskap/verksemder	7
Selskapsstrategi og styringsdokument	8
Eigarmøter	8
Rutinar for rapportering mellom selskap og kommune	8
Eigarstrategi	8
Generell eigarstrategi	8
Strategi – Modalen næringsbygg AS	9
Selskapa sitt samfunnsansvar	10
Instruks for eigarrepresentant – Modalen kommune	10

Vedlegg 1

Saker eigarrepresentanten skal føløgje opp med styreleiar i Modalen Næringsbygg AS.



Innleiing

Føremålet med *eigarskapsmeldinga* er å tydeleggjere eigarstrategiar for selskap kommunen har eigarinteresser i. Meldinga vert eit overordna politisk styringsdokument for verksemd som er lagt til anna rettssubjekt, eige styre eller vertskommune, eller til anna interkommunalt organ.

Kommunestyret skal kvart år fastsetje overordna prinsipp for sitt eigarskap ved å utarbeide ei eigarskapsmelding for sitt/sine selskap. Meldinga skal spegle selskapa sett i samanheng med kommunen si totale verksemd og vere kommunisert og tilgjengeleg for selskapet sine organ og innbyggjarane.

Eigarskapsmeldinga skal gjennomgåast og reviderast i kommunestyret i løpet av første år i kvar periode.

Føremål med eigarskap

Kommunen si styring av ulike selskap skal skje innanfor ramma av det lovverket som gjeld for den aktuelle organisasjonsforma. Kommunen skal sjå eigarskapen sin i samanheng med den øvrige totale tenesteproduksjonen, og ha definerte overordna prinsipp for eigarskapen sin. Prinsippa skal vere tydelege og lett tilgjengelege, inkludert for kommunen sine innbyggjarar.

Kwart einskild selskap skal definere kva som er deira kjerneverksemd, og kva som er føremålet med selskapet.

Når oppgåver vert skilt ut i eigne selskap vil det juridiske ansvaret for aktivitetane ligge i selskapa, og ikkje i kommunestyret. Kommunen skal føre tilsyn og kontroll med selskapa for å sikre at føremåla er i tråd med kommunestyret sine prinsipp.

Føremål med selskap Modalen kommune har eigarskap i

Selskap kommunen har eigarskap i skal driftast etter forretningsprinsipp, men vere medviten det lokale samfunnsansvaret som ligg på verksemda. Selskapet skal vere ein utøvande reiskap og stabilt element for gjennomføring av av den kommunale utviklinga knytt til det verksembsområdet selskapet representerer. Gjennom å opparbeide kompetanse innanfor føremålsområdet skal selskapet kunne utvikle nye tenester og løysingar som styrkar Modalen kommune.

Gjennom eigarskapen vil Modalen kommune kunne sikre aktiv eigarstyring på strategisk, målretta og føreseieleig vis på vegne av kommunen sine innbyggjarar og kommunen sjølv.

Vurdering av selskapsform

Ved vurdering av etablering/endring av selskapsform skal Modalen kommune leggje vekt på følgjande tema:

- Moglegheit for eller ynskje om politisk styring.
- Økonomisk ansvar, risiko og resultat for kommunen og/eller samfunnet.
- Område kor fellesløysingar bidrar til meir effektiv tenesteproduksjon enn å yte tenesta sjølv.
- Regionalpolitiske motiv – styrke regionen kommunen er ein del av.
- Fridomen og fleksibiliteten selskapet bør ha.



Aksjeselskap

Aksjeselskap – AS - er ei selskapsform som er ofte meint å vere nytta som selskapsform kor det er avgrensa krins av eigarar (i motsetnad til ASA). AS er difor ei aktuell form for kommunen å nytte. Eit fortrinn ved selskapsforma er at aksjeeigarane ikkje heftar for gjeld/forpliktingar for selskapet, men at dette er knytt til innskutt aksjekapital. Selskapsforma legg til rette for offentleg – privat samarbeid, slik det er gjort i t.d. Modalen Næringsbygg AS.

IKS

Interkommunale selskap – IKS – er rettsleg og økonomisk skilt frå deltakarkommunane. Kvar av deltarane har eit ubegrensa ansvar for del av selskapet sine samla forpliktingar. Selskapet sitt øvste mynde er representantskapet som består av minst eit medlem frå kvar kommune. Representantskapet kan omgjere styret sine vedtak.

Vertskommunesamarbeid

Vertskommunesamarbeid inneber at beslutningsmyndet vert delegert frå ein eller fleire kommunar til vertskommunen. Det skal ligge vertskommuneavtale til grunn for samarbeidet.

Øvrige selskapsformer som kan vurderast

Stiftingar, samvirke, interkommunalt samarbeid, kommunalt føretak.

Obligatorisk opplæring og informasjon til folkevalde

Kommunen skal gjennomføre opplæring i eigarstyring i samband med den obligatoriske folkevaldopplæringa etter kvart kommunestyreval.

Rutine for val av styremedlemmar

Formannskapet i Modalen kommune er valkomité når det gjeld å fremme kandidatar til styremedlemskap i AS kor kommunen eig meir enn 50 %. Følgjande rutine skal ligge til grunn når formannskapet nominerer kandidatar:

- Eigarrepresentanten/ordføraren melder til formannskapet behov for nominasjon av ny(e) styremedlem(ar) i eksisterande selskap. Ved opprettning av nytt selskap vert det lagt fram sak til formannskapet.
- Det skal førebuast naudsynte kriteriar for styret sin komplementære kompetanse. Dette bringer eigarrepresentanten med seg til valkomitén etter skriftleg rapport frå styreleiar i aktuelt selskap.
- Formannskapet drøftar kandidatar. Følgjande skal ligge til grunn for vurdering av kandidatar.
 - Vurdering av forventningar
 - Vurdering av kompetanse
 - Kjønnsbalanse
 - Habilitet
- Valkomitén må grunngje sine val/innstillingar.
- Formannskapet innstiller aktuelle kandidatar og legg fram for kommunstyret for vedtak.
- Eigarrepresentanten fremmar kommunestyret sin kandidat i generalforsamlinga.

I AS kor kommunen eig mindre enn 50 % må det vedtektsfestast i selskapa sine vedtekter kven som er valkomité. Der det er aktuelt med nye styremedlemmar fremmar formannskapet i Modalen



kommune kandidatar, og kommunestyret gjer vedtak om kven eigarrepresentanten kan fremme som styrekandidat i generalforsamlinga på vegne av kommunen.

Modalen kommune skal arbeide for tilnærma lik kjønnsrepresentasjon i alle styrer og utval.

Rutinar for styreleiar i AS kor Modalen kommune har over 50 % eigarskap

Styreleiar har hovudansvar for å sikre at styrearbeidet fungerer godt, og at styret sin kompetanse vert utvikla gjennom årleg styreevaluering.

For å sikre utvikling av naudsnyt kompetanse i styret skal styreleiar etablere følgande rutinar:

1. Fastsetje styreinstruks for medlemmane og styreleiar/dagleg leiar med særleg vekt på klar intern ansvars- og oppgåvefordeling.
2. Gjennomføring av eigenevaluering av styret både når det gjeld kompetanse og arbeid.
3. Vurdere behovet for ekstern styreopplæring. Nye styremedlemmar skal gjevast opplæring om ansvar, oppgåver og rollefordeling.
4. Fastsetje årsplan, herunder møteplan, for sitt arbeid med vekt på mål, strategi og gjennomføring.
5. Utarbeide ein samla årsrapport for selskapet si styring og leiing.

Eigarrepresentanten føl opp styreleiar på vegne av eigar.

Godtgjering av styreverv

Den faste godtgjersla til styremedlemmar i AS (evt. andre) skal reflektere selskapet sin kompleksitet og omfang, samt forventa arbeidsmengde.

I selskap kor Modalen kommune har over 50 % eigardel avgjer kommunestyret i samband med gjennomgåinga av eigarskapsmeldinga sum honorar for styreleiar og styremedlemmar.

I selskap kor Modalen kommune har lågare eigardel skal eigarrepresentanten/kommunestyret søkje å vere konkuransedugande, men ikkje leiande.

Alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap bør registrere verva på
www.styrevervregisteret.no

Styringsgrunnlag og styringsstruktur

Selskapsform	Eigarorgan	Styret	Styringsdokument
AS	Generalforsamling	Vert valgt av generalforsamlinga	Vedtekter Aksjonæravtale Eigarstyringsdokument Styreinstruks
IKS	Representantskap	Vert valgt av representantskapet	Selskapsavtale Eigaravtale Styreinstruks



Aksjeselskap

Generalforsamling

Generalforsamlinga er selskapet sitt operative organ. Eigarrepresentanten skal utøve eigar – kommunestyret – sine interesser i selskapet ved oppmøte og deltaking i generalforsamlinga

Kommunestyret

Kommunestyret er eigar og er ansvarleg for at verdiane vert forvalta av selskapet til beste for innbyggjarane. Kommunestyret skal fastsetje rammene for kommunen sin eigarskap, herunder føremålet med eigarskapet. Kommunestyret kan delegere mynde innanfor visse grenser definert av kommunelova. Saker av stor prinsippiell eller politisk betydning skal leggjast fram for kommunestyret.

Eigarrepresentant

Ordføraren har mynde i henhold til kommunelova til å ivareta kommunen sin eigarskap der ikkje andre eigarskapsrepresentantar er valt. Ordføraren/eigarrepresentanten ivaretar kommunen sin eigarskap i selskapet si generalforsamling (representantskap i IKS). Kommunestyret skal gje eigarrepresentanten fullmakt til å kunne stemme i selskapet si generalforsamling (representantskap i IKS). Fullmakta må vere skriftleg, datert og signert. Slik fullmakt vert gjeven i første kommunestyremøte i kvar kommunestyreperiode.

Eigarrepresentanten gjennomgår innkallingar og protokollar frå styret i selskapa for å kontrollere at kommunen sine interesser vert ivaretatt i tråd med eigarskapsmeldinga.

Eigarrepresentanten rapporterer fortløpande til kommunestyret.

Styret

Forvaltninga av selskapet ligg til styret, og ikkje eigarane av selskapet. Styret skal forvalte verdiane i selskapet ut frå dei rammer og signal som eigarane gjev gjennom eigarstrategiar, eigarmeldingar, vedtekter, eigaravtalar, selskapsavtalar og instruksar og vedtak i dei operative eigarorgana.

I eit AS er det styret som fattar beslutningar om sal, opptak av lån og investeringar utan at dette må leggjast fram for generalforsamlinga

Den samla kompetansen i styret skal vurderast m.o.t. selskapet sitt føremål. Styret skal ha den naudsynte kompetansen for å følgje opp eigar sine forventningar.

Rådmannen

Rådmannen har inga formell rolle knytt til kommunen sin eigarskap, men har ansvar for forsvarleg utgreiing av alle saker som skal til politisk handsaming, inkl. eigarskapssaker. Rådmannen skal vere ansvarleg for det administrative eigarsekretariatet, samt ha ei rolle i utarbeiding av strategiar for selskapet.

Rådmannen eller hans underordna skal ikkje sitje i styrer for selskap kor kommunen har eigarinteresser. Dette gjeld også i selskap utover AS.

Habilitet

Styret må ta stilling til medlemmane sin habilitet i saker kor eit/fleire medlem kan ha personlege interesser i utfallet av ei sak som skal handsamast, og som kan antakast å kunne påverke vedkommande si dømekraft under handsaminga av saka.



Vurdering av habilitet må også skje med omsyn til tenestemann eller folkevald og denne/deira si tilknytning til saka, jfr. forvaltningslova § 6.

Oversyn over kommunen si verksemد som er plassert i selskap og samarbeid

Selskap	Eigardel
As	
Modalen Næringsbygg AS	92,69 %
Modalen-Eksingedalen Billag AS	19,37 %
Fjord Norge AS	1 del
Kommunekraft AS	1 andel, 0,31 %
IKS	
Nordhordland Revisjon IKS	
NGIR	
Nordhordland utviklingsselskap - NUI	
Helsehuset	
Vertskommunesamarbeid	
NAV Fensfjorden	
Nordhordland kemnerkontor	
Nordhordland brann og redning	
Andre	
Modalen Kraftlag BA	1 del
Nordhordland veteranbåtlag	25 delar
AL Biblioteksentralen	1 del
NIT kommunedata	1 del



Selskapsstrategi og styringsdokument.

Eigarmøter AS

Eit eigarmøte er eit møte mellom representantar frå kommunen som eigar og styrleiar i selskapet. Møtet skal nyttast til m.a. å drøfte strategiar m.m. utan å treffe formelle beslutningar. Eigarmøter er i tillegg til generalforsamlinga. Styreleiar kallar inn til eigarmøter.

Rutinar for rapportering mellom selskap og kommune.

Kva	Kor tid
Generell informasjon om selskapet. - Kontaktperson - Selskapet sin kontaktinformasjon	Fortløpende ved endring.
Selskapet sine styringsdokument. - Gjeldande aksjonæravtale, selskapsavtale. - Styreinstruks - Strategiplanar - Etiske retningsliner - Varslingsreglar-/rutinar - Ulike planar - Budsjett	Fortløpende ved endring.
Årleg rapportering - Årsmelding med rekneskap - Årsplan med budsjett	I samband med protokoll frå møte i eigarorgan. Januar
Generalforsamling - Innkalling og saksdokument - Protokoll med tilhøyrande dokument (revisorstadfesta årsrekneskap og styret sin beretning).	4 veker før generalforsamling Snarast og seinast 1 mnd etter avhalde møte i eigarorgan.

Eigarstrategi

Modalen kommune forvaltar store verdiar gjennom eigarskap i ulike selskap. Gjennom eigarstrategien - den ytre ramma som eigar trekk opp – skal kommunen kunne utøve aktivt eigarskap.

Generell eigarskapsstrategi

Det vil vere fleire selskap kor Modalen kommune ikkje aleine kan utforme selskapsspesifikk strategi. I desse tilfella vil kommunestyret i sine vurderingar ta stilling til generelle problemstillingar som:

- Er vedtekten oppdaterte og tilpassa verksemda sin status?
- Er det behov for ytterlegare styringsdokument i verksemda?
- Er det tilstrekkeleg med medlemmar i styret?
- Er det grunnlag for å vurdere endring av organisasjonsform for verksemda?
- Er det ynskjeleg å vidareføre eigarskapen?

Selskapsmåla må vere tett knytt til kva føremål selskapa har, samt kva som er grunnlaget for å opprette selskap utanfor den kommunale drifta.



Strategi	Hovudfokus
Eigarstrategi (eigar) Motiv for eigarskap.	<p>Eigarskapen er forankra i føremålet om å drive næringsverksemd basert på oppføring og utleige av bygg og anlegg, samt annan liknande aktivitet. Selskapet skal ha kompetanse, strategiar og planar for utvikling av føremålsområdet. Det skal vere ei klar målsetting å systematisk sikre og utvikle lokalt næringsliv sine behov innanfor Modalen kommune.</p> <p>I tillegg skal selskapet innanfor føremålsområdet søkje å vere innovativt og finne nye utviklingsområder som styrker føresetnadane for etablering og tilrettelegging for lokalt næringsliv.</p> <p>Selskapet skal gjennom si verksemd bidra til å sikre og utvikle arbeidsplassar i kommunen. Dette føreset ei aktiv tilnærming.</p> <p>Selskapet skal legge til grunn Modalen kommune sin strategiske næringsplan i sitt arbeid.</p> <p>Selskapet skal sikre omdømeutvikling for Modalen kommune i tråd med kommunen sine planar/strategiar.</p> <p>Selskapet skal aktivt kartlegge og rette seg mot bransjar, næringar og/eller fagområde som kan tenkjast å etablere drift i modalen kommune. Dette gjeld både offentlege og private aktørar.</p>
Verksemestrategi (styret)	<p>Korleis skal selskapet organisere verksemda? Kva målsetjingar skal selskapet ha? Korleis skal me nå måla? Korleis forholde seg til eigarstrategiane?</p>
Forretningsstrategi (administrasjonen)	<p>Rådmannen vil gjennom oppfølging av planverk og sine øvrige ressursar bidra til å støtte opp under selskapet.</p> <p>Det inneber drøftingar, tilretteleggingar m.m. som ligg innanfor administrasjonen sine ressursar.</p> <p>Rådmannen er oppteken av at det må vere godt og tett samarbeid mellom kommunen si generelle næringsutvikling og selskapet sitt virke. Så langt det er råd, vil rådmannen bidra på førespurnad frå selskapet. Dersom styret ynskjer, vil rådmannen gjerne ta del i faste møtepunkt kor næringsutvikling vert drøfta.</p>



Selskapa sitt samfunnsansvar

Det kan forventast at Modalen kommune tek aktivt samfunnsansvar knytt til etikk, miljø og sosiale forhold, og at dette ein integrert del av forretningsverksemda og utøvinga av eigarstyringa.

Samfunnsansvaret skal vektast tungt i utøvinga av kjerneverksemda, samt i eigarstyringa av alle selskap kommunen tek del i. Innbyggjarane og kundane sitt vè og vel skal ha særleg merksemd.

Modalen kommune arbeider for at alle selskap kommunen har eigarinteresser i skal ha mest mogleg kjønnsnøytral representasjon.

Modalen kommune legg til grunn ei prinsipp om openheit. Slik kan innbyggjarar og kundar ha godt innsyn i prosessar og utkome av dei selskapa kommunen har eigarinteresser i. På det viset byggjer Modalen kommune omdøme – summen av dei eigenskapar me vert tillagt av andre.

Styreleiarar i selskap kor kommunen har over 50 % eigardel i skal utarbeide etiske retningsliner for selskapa. Dette skal kommenterast i årsrapporten. Styreleiar har ansvar for at etiske retningsliner vert fulgt opp. I øvrige selskap vil Modalen kommune etterspørje om det ligg føre etiske retningsliner, og korleis desse vert nytta aktivt i verksemda. Kommunen er særleg opptatt av at alle tilsette som arbeider i selskapa, arbeidsfolk som vert innleidt og/eller deltek med på anna vis, skal ha trygge og forsvarlege arbeidsforhold på line med kommunalt tilsette.

Instruks for eigarrepresentant – Modalen kommune

Ligg til grunn for fullmakt gjeven av kommunestyret.

Slik fullmakt skal gjevast i første kommunestyremøte i byrjinga av kvar kommunestyreperiode.

1. Kommunestyret sin eigarrepresentant vert utpeika i kommunestyret og møter i verksemd(er) kor Modalen kommune har representasjon. Vidare skal han/ho fortløpende orientere kommunestyret gjennom referata frå møta.
2. Eigarrepresentanten representerer kommunestyret og skal bidra aktivt til ivareta selskapet sine vedtekne strategiar og mål. Retningslina skal vere eigarskapsmeldinga til kommunen.
3. Eigarrepresentanten er forventa å ha sett seg inn i saker som skal handsamast i møter.
4. Eigarrepresentanten skal drøfte med kommunestyret saker av større prinsippiell karakter dersom det ikkje kjem klart fram av eigarskapsmeldinga kva kommunestyret sin vilje er.
5. Eigarrepresentanten kan hente inn råd frå kvalifisert fagmiljø ved behov.
6. Eigarrepresentanten skal halde seg orientert om lover og relevant regelverk som regulerer eigen funksjon.



Vedlegg 1

Saker eigarrepresentanten i Modalen Næringsbygg AS skal følgje opp med styreleiar i Modalen næringsbygg AS

1. Revisjon vedtekter. Desse er frå 1996/2001.
 - a. Vurdere føremålet. Dette er ei rund formulering som gjev rom for tolkning. Setje dette samanheng med selskapsstrategien, jfr. eigarskapsmeldinga – strategi.
2. Sikre signatur på møteprotokollar.
3. Føreleggje styreleiar eigarskapsmeldinga.
4. Føreslå å utvide innkallingsfrist til generalforsamling (vedtekten).
5. Føreslå å forankre valkomité – formannskapet - i selskapsavtalen/vedtekten.
6. Vurdere om det skal tilsetjast dagleg leiar i tillegg til styreleiar.